




Møtebok Fjordvegen Rute 13
Styremøte 10.05.2021, kl 15.00-16.00 Stad: Videomøte



Deltakarar: Gerd Helen Bø,, Morten Midlang, Sigbjørn Hauge
Toralv Mikkelsen, Roald Aga Haug, Kristoffer Amdal

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Forfall: Irene Heng Lauvsnes

Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 15/21 Førebuing til møte med Nye Veier AS

Utgangspunkt for møtet er gjennomgang av spørsmål me planlegg å senda over til Nye Veier i forkant av møtet med dei. Rapport frå Nye Veier, drøftingsnotat og utkast til spørsmål låg ved ved innkallinga.

No er det 3 veker til saka skal vedtakast i Stortinget, dette handlingsrommet skal me nytta.

Gjennomgang av dokument ved Hanne.

Påpeikar at det manglar kapittel om rassikring i forslag til ny NTP, det var det i forrige NTP

Strategisk dokument:
Diskusjon om hypotesar

Kva om FrP ikkje får gjennomslag hjå regjeringa?

Spørsmål til Nye veier:
Kva posisjon RV 13 har?
Kvifor har Nye Veier valgt RV 13 og korleis vil dei gripa det an?

Hanne har gjort ein grundig og god jobb, og desse dokumenta kan sendast over.

Til møtet, bør me be om at fleire deltakarar frå Nye Veier vert med?
Kan me også inivtera utbyggingsdirektøren i Nye Veier? Styret håpar dei vil stilla med fleire på dette viktige møtet vårt.

Styret trur det no er meir opent enn det har vore på lenge. Veldig viktig at me argumenterer for våre prosjekt så godt me kan.

Fylkesordføraren er også oppteken av RV 13 og vil gjerne vera med på møtet vårt med Nye Veier. Han ynskjer å få kunnskap og vera med på laget. Styret er glad for det og vil invitera han med.

Styret arbeider fortsatt med å få til eit møte med SP si stortingsgruppe, slik me har gjennomført med alle dei andre partia.

I brevet til Nye Veier brukar me spørsmåla Hanne har skreve. I tillegg til dei skal desse spørsmål takast med:

- Spesifikasjon om Oddadalen
- Kva som skjer med dei midlane som allerede er løyvd på Kinsarvik-Kyrkjeneset.
- Korleis dei forhold seg til "rettferdig" skredfaktor.

Revidert statsbudsjett kjem i morgon, og der vil det koma nokre sekkepostar for utbetnings/straksløysingar. Der må Fjordvegen vera på.

Andre spørsmål:

Kva med forsinkelsen til SVV og bruk av midlar på Riksvegar?

Kva med lekkasje frå Hareide?

Me må vera frampå og opne i dette arbeidet.

Sak 16/21 Innmeldte saker/Ymse

Kinsarvik, 10.05.2021

Jostein Eitrheim
referent